



LOVDATA

Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap, Osterøy kommune, Vestland

Dato	FOR-2019-11-27-1902
Ikrafttredelse	01.01.2020
Sist endret	FOR-2022-09-14-1632 fra 24.10.2022
Gjelder for	Osterøy kommune, Vestland
Hjemmel	<u>LOV-2018-06-22-83-§8-3, LOV-2018-06-22-83-§8-4, LOV-2018-06-22-83-§8-5, LOV-2018-06-22-83-§8-6, LOV-2018-06-22-83-§8-7, LOV-2018-06-22-83-§8-8, LOV-2018-06-22-83-§8-9, LOV-2018-06-22-83-§8-10</u>
Kunngjort	20.12.2019 kl. 13.25
Korttittel	Forskrift om folkevaldes rett til godtgjersle mv., Osterøy

Heimel: Fastsett av Osterøy heradsstyre 27. november 2019 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 8-3, § 8-4, § 8-5, § 8-6, § 8-7, § 8-8, § 8-9 og § 8-10.

Endra ved forskrift 14 sep 2022 nr. 1632 (i kraft 24 okt 2022).

§ 1. Føremål og verkeområde

Føremålet med forskrifta er å sikra folkevalde godtgjersle og utgiftsdekning knytt til kommunale tillitsverv. Forskrifta inneheld reglement for godtgjersle og utgiftsdekning, og kven dette gjeld for.

Forskrifta gjeld for medlemmer/varamedlemmer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i utval fastsett i politisk organisering for Osterøy kommune.

§ 2. Generelt

- Reglane for godtgjersle gjeld og for tilsette sine representantar i samsvar med lov/avtale mellom kommunen og dei tilsette sine organisasjonar, når møta foregår utanom ordinær arbeidstid.
- Reglane for godtgjersle gjeld ikkje for tilsette sine representantar i samarbeidsutval for skular og barnehagar.
- Ved møte i utval som ivaretek mandat for fleire utval og er personidentiske, vert det gitt godtgjersle for eitt utval/møte.
- Møtegodtgjersle og tap av inntekt er meldepliktig og skattepliktig.
- Dersom det same utvalet har fleire møte same dag, vert det berre gitt ei møtegodtgjersle.
- Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte eller andre møte i partia.
- Formannskapet tek avgjerd i tolkingsspørsmål knytte til dette reglementet og kan og fastsetja godtgjersle i særlege høve.

- h. Heradsstyret vedtek reglementet for godtgjersle til folkevalde og eventuelle endringar i dette.
- i. Satsane vert regulerte i takt med regulering av godtgjeringa til stortingsrepresentantane-/årlege lokale lønsforhandlingar.

§ 3. Ordførar

- a. Ordføraren si godtgjersle vert fastsett til 90 % den til ei kvar tid gjeldande godtgjering for stortingsrepresentantar, pr. 1. mai 2019 utgjer denne kr 987 997 pr. år. Godtgjeringa vert regulert i takt med godtgjersla for stortingsrepresentantar. Det vert ikkje gitt møtgodtgjersle for møte i kommunale organ i tillegg. For anna møteverksemd som representant for kommunen får ordføraren møtgodtgjersle i samsvar med reglementet i vedkomande organ.
- b. Ordførar har rett til sjukepengar, foreldrepermisjon og forsikringar tilsvarende som kommunalt tilsette.
- c. Pensjon: ordførar vert innmeldt i kommunen si tenestepensjonsordning.
- d. Permisjon: Folkevald som har vervet som sitt hovudarbeid kan søkja permisjon i medhald av arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15. Heradsstyret har mynde til å avgjera permisjonssøknader etter søknad.

§ 4. Etterløn (kommunelova § 8-6)

- a. Etter endt valperiode kan folkevald som vervet som hovudyrke søkja om etterløn slik:
 - 1,5 månader dersom vedkomande trer inn i ny stilling eller hevar pensjon
 - I inntil 3 månader dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling og ikkje hevar pensjon.
- b. Etterløn skal avkortast mot anna inntekt, jf. kommunelova § 8-6, 2. ledd. Søknad om etterløn blir handsama administrativt.
- c. Ordførar har rett på feriegodtgjersle tilsvarende «feriepengar» i juni året etter fråtredinga frå vervet som ordførar. Feriegodtgjersle tilsvavar satsane fastsett i Hovudtariffavtalen i kommunen og vert rekna ut frå godtgjersla siste året i valperioden.

0 Endra ved forskrift 14 sep 2022 nr. 1632 (i kraft 24 okt 2022).

§ 5. Varaordførar

- a. Varaordførar får årleg fast godtgjersle tilsvarende 4 % av ordførargodtgjersla. Godtgjersla inkluderer fungering som ordførar i feriar og ved andre kortare fråver.
- b. Møtgodtgjersle for møte i andre kommunale utval/organ enn formannskap og heradsstyre kjem i tillegg.

§ 6. Heradsstyret

- a. Medlemmer: Fast årleg godtgjersle tilsvarende 0,75 % av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25 % av møta vert godtgjersla redusert tilsvarende.
- b. Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla.

§ 7. Formannskapet

- a. Medlemmer får fast årleg godtgjersle tilsvarende 1,5 % av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25 % av møta vert godtgjersla redusert tilsvarende.
- b. Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla.

§ 8. Valstyret

- a. Medlemmer/varamedlemmer – møtegodtgjersle tilsvarende 0,05 % av ordførargodtgjersla ved ekstra frammøte (utanom i tilknytning til formannskapsmøte).

§ 9. Røystestyre

- a. Leiar/fungerande leiar – møtegodtgjersle tilsvarende 0,15 % av ordførargodtgjersla pr. møtedag.
- b. Medlemmer/møtande varamedlemmer – møtegodtgjersle tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

§ 10. Kompensasjon for bruk av eige datautstyr, telefon mv.

- a. Heradsstyremedlemmer, med unntak for ordføreren, og faste medlemmer i utval får utbetalt kr 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, privat mobiltelefon, brett, skrivar, papir og anna utstyr inkl. tilgang til internett.

§ 11. Utval med stort arbeidsfelt og/eller innstillingsrett til heradsstyret (f.t. Plan- og kommunalteknisk utval, Kontrollutvalet)

- a. Medlemmer – fast årleg godtgjersle tilsvarende 1 % av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25 % av møta vert godtgjersla redusert tilsvarende.
- b. Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla.
- c. Utvalsléiar – fast årleg godtgjersle tilsvarende 2,5 % av ordførargodtgjersla. I dette er inkludert møtegodtgjersle og godtgjersle for anna arbeid som naturleg høyrer til vervet.

§ 12. Andre faste utval/komitear

- a. Medlemmer får fast årleg godtgjersle tilsvarende 0,5 % av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25 % av møta vert godtgjersla redusert tilsvarende.
- b. Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla.
- c. Utvalsléiar – fast årleg godtgjersle tilsvarende 1 % av ordførargodtgjersla med tillegg av møtegodtgjersle.

§ 13. Andre utval (faste og midlertidige, Eldreråd, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, administrasjonsutvalet, Arbeidsmiljøutvalet, heradsstyreprerantar i samarbeidsutval ved skular/barnehagar)

- a. Medlemmer og varamedlemmer – møtegodtgjersle tilsvarende 0,05 % av ordførargodtgjersla pr. frammøte.
- b. Leiar i utval valde av heradsstyret – møtegodtgjersle tilsvarende 0,1 % av ordførargodtgjersla pr. møte.

§ 14. Tap av inntekt

- a. Folkevalde som taper inntekt som følge av møteverksemd knytt til vervet, får erstatning.
- b. Det vert skild mellom
 - Legitimert tap

- Ulegitimert tap.

- c. Tap i ordinær inntekt for å utføra vervet vert med legitimasjon dekt 100 %, då likevel avgrensa til ein sum tilsvarande 0,5 % av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Føresetnaden er at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon.
- d. Arbeidstakarar må ha erklæring frå arbeidsgjevar om lønstep inkl. feriepengar og eventuelt pensjonsyttingar.
- e. For sjølvstendige næringsdrivande kan m.a. likningsattest og skatteattest nyttast om legitimasjon.
- f. Ulegitimert tap av inntekt vert dekkta med inntil 0,2 % av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Godtgjering vert gitt berre der det er eit faktisk tap i inntekt og dette er grunngeve.
- g. Grupper utan fast løna arbeid, eks. pensjonistar, husmødre, studentar og freelansarar kan få dekning etter reglane for ulegitimert tap av inntekt.

§ 15. Frikjøp

- a. Faste medlemmer i heradsstyre/formannskap/A-utval kan etter søknad få avtale om frikjøp av arbeidstid avgrensa til heile dagar dei dagane det er møte på dagtid. Rådmannen har fullmakt til å inngå slik avtale. Ved frikjøp vert den folkevalde ikkje trekt i løn. I staden sender arbeidsgjevar refusjonskrav til kommunen på utgifter til løn, inkl. sosiale utgifter for frikjøpsperioden.

§ 16. Kommunalt reiseregulativ

- a. Reise-/skyssgodtgjersle og andre utgifter vert dekkta i samsvar med kommunen sitt reglement, og etter innsendt dokumentasjon.

§ 17. Refusjon av utgifter til stedfortredar og omsorgsarbeid

- a. Ved deltaking i kommunale møte dekkast legitimerede ekstraavgifter til
 - Stedfortreder
 - Barnepass
 - Stell og pass av sjuke, funksjonshemma og eldremed inntil 0,075 % av ordførargodtgjersla pr. møtedag.
- b. Nødvendig transport for stedfortreder i denne samanheng vert dekkta etter kommunen sitt reglement og etter innsendt dokumentasjon.

§ 18. Administrative rutiner ved utbetaling av godtgjersle

- a. Ordførar – godtgjersla vert utbetalt som 12 «månadsløner» gjennom heile året.
- b. Varaordførar og faste medlemmer – godtgjersla vert utbetalt som 12 «månadsløner».
- c. Godtgjersle utover den faste til medlemmer og godtgjersle til varamedlemmer vert utbetalt kvart halvår (juli og desember). Det same gjeld for refusjon for reiseutgifter. Samtidig vert det føreteke trekk i godtgjersla for dei som har fråver på meir enn 25 % av møta.
- d. Refusjon for tapt arbeidsinntekt vert utbetalt fortløpande etter innsendt krav.

0 Endra ved forskrift [14 sep 2022 nr. 1632](#) (i kraft 24 okt 2022).

§ 19. Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2020.